

## Minneord Grethe Karin Fotland

Grethe vaks opp i et koselig lite hus i Alvøen, saman med mor, far og hennar to brødre Hans og Ingvald. Faren til Grethe, som og heitte Ingvald, var sjef på limfabrikken til Fasmer, som låg i Alvøen. Mora til Grethe, Kitty, var pianist og spilte på framvisingar av stumfilm og på kafeer i sin ungdom, men hovedoppgaven var å ta seg av familien da hun fikk det. Det var mykje musikk i familien. Grethe sin morfar og onkler var yrkesmusikarar i Harmonien.

Livet til Grethe under oppveksten var eit aktivt liv. Ho hadde ei jolle ho likte å segla med, reid på hest, mala bilder som hun gav vekk til venner og familie, spilte piano og spela sjakk og brigde. Ho hadde nokre spennende opplevelser fra oppveksten. Ein gang reddet hun lillebroren sin som falt i sjøen på dypt vann. Ein anna gang var da hun var ute å segla på Hjeltefjorden, det blåste opp og ho klarte ikkje å komme tilbake til land. I båten hadde ho med seg hunden sin Sjiff og dei kullsegla, men det enda godt.

Heime hadde dei gris, høns og nokre sauer under krigen. 2. verdskrig prega heile hennar ungdomstid. Krigen braut ut då ho var 13 og freden kom då ho var 18 år gamal.

I Alvøen var det bare 3 timer daglig skolegang, så da Grethe var 13 år måtte hun pendle med buss og Laksevågsferge til Jessen Privatskole i Bergen, fordi hun skulle gå vidare på skole. Flere ganger løp hunden deres Shiff etter bussen helt inn til Laksevåg, en strekning på mange kilometer. Da hun oppdaget dette, måtte Shiff være med på fergen og med på skolen i Bergen hele dagen. Til tider syklet hun også den lange veien til byn.

Da krigen brøt ut, fekk Grethe bu hos familie i Bergen når ho gjekk på skule der, og dro hjem til Alvøen i helgene. Da budde ho hos grandtante Agnes, som var mor til «tante» Nanny som jobbet i skobutikken på Torgalmenningen. Grethe gikk 3 år på Tanks Realfagskole. Året etter gikk hun på Schnitlers Handelskole, og om kvelden på Ole B.Eide malerskole, hvor hun malte natur, portretter og akt.

Ettersom Alvøen var langt på landet den gangen, så var det viktig for Grethe å bli mobil, så bilkjøring trente hun på fra hun var 16 år, og fekk førarkortet straks hun kunne, som 20 åring.

Høsten etter krigen begynte Grethe på engelsklinjen på Danielsen Private Gymnas og tok artium på to år.

Plutselig døde Far hennar brått då ho var 20 år og ho måtte ta seg av sin mor som ikkje hadde så god helse. Dei flytta etter kvart til ein leilighet i Nygårdsviken.

Av fag på skulen var det språk som ho interesserte seg mest for. Ho lærte seg engelsk, fransk og tysk. Seinare då ho var eldre gjekk ho på kurs for å lære seg russisk. Hun var og ekspert på stenografi og maskinskriving.

Hennes første jobb var som sekretær hos Wallendahl. Far til Grethe var i slekt med konen til fabrikkeier Olav Kavli, og dei hadde god kontakt. Ein dag sa han til Grethe: «Nå Grethe må du reise ut», og med det mente han ut i verden og lære, og så lovde

han at ho skulle få jobb hos han når ho kom tilbake. Grethe fekk også beskjed om å få sydd seg nokre flotte nye klede hos ein skreddar då ho kom til England, som O.Kavli betalte, før ho drog vidare til Dundee og Skotland for å jobbe som aupair eit helt år.

I 1949 kom Grethe tilbake frå Skotland og fekk jobb som sekretær hos Kavli, som ho var blitt lovd. Der møtte ho Bjarne. Han var 13 år eldre enn ho. Han var ein vakker mann, syntes hun. Han lignet på Gregory Peck som var datidens mest populære filmstjerne. Og ikke fritt for at han syntes det samme om henne, hun som var en svært ettertraktet ung dame. Det seiest at dei gjekk å kikke på kvarandre nokre år før dei gifta seg i 1954. Dei fekk 4 barn saman; Christian blei fødd i 1956, Kari i 58, Bjørn i 60 og Anne Marie i 65.

Den første tida av ekteskapet budde dei med Grethe sin mor i Nygårdsviken. Men då Bjørn skulle bli fødd flytta familien til rekkehus i Fantoftåsen. Flyttinga skjedde mens Grethe var på klinikken og fødde. Så då ho kom heim etter fødselen var det til nytt hus.

Mens barna var små var Grethe heimeverande heilt fram siste del av 70-tallet. Då begynte ho som resepsjonist- og kontordame på Christian Michelsens institutt. Ein jobb ho hadde til hun ble pensjonist. Her fekk ho brukt for språkkunnskapane sine. På jobben engasjerte ho seg og var både dei tilsette sin representant i styret og verneombod.

I tillegg til alltid å være til stede for sine egne barn, var Grethe og veldig engasjert i nærmiljøet i Fantoftåsen. Der var det mange nybygde hus og mange barnefamiljar. Ho var aldri redd for å sei i frå om ting og var proaktiv i det som skjedde. Ho engasjerte seg i at barna skulle gå til skulen og ikkje bli henta med buss. Ho kjøpte inn ranslar til alle i gaten, blå til gutane og røde til jentene. Det var betre å ha ranslar når ein gjekk enn vesker ein måtte bære over den ene skulderen. Då Storetveit camping blei lagt ned gjekk ho i kamp for at campingplassen skulle bli ein plass der barna kunne leike og ha ein fotballbane. Planen var eigentleg at det skulle bli parkeringsplass for lastebilar. Men resultatet blei at området blei freda i 20 år og ho fekk det som ho ville.

Grethe var gjerne med barna på ski på Storetveitmarken og ho gjekk på skøyter på Storetveitvannet med barnevogn.

I ferier, sommar som vinter, var familien mykje på Upsete, på Kavlihytten. Alt som ein trengte av mat og andre ting måtte ein ta med frå byn. Det var ein solid planlegging som måtte til med 4 barn og alltid et par ekstra venner av barna som fikk være med. Ein mattradisjon familien hadde på hytteturane var hjemmelaget bløtekake kvar kveld og varm kakao med krem. Om kveldane var det høytlesning, kortspill og speling av pingpong og kurong i stua.

Sommerferier i Thomas-huset i Fresvik ble det også mange av, og hun var en meget aktiv pådriver da beslutning om innlegging av vann, dusj og toalett ble besluttet. Hun kunne være stolt av maleriet hun hadde malt av en berømt kongestatue derfra og som hun og Bjarne gav til menigheten, i dag henger det stolt i sakristiet i Fresvik kirke. Helt til det siste var hun opptatt av huset i Fresvik og var svært fornøyd med at

hun, kun for kort tid siden, hadde fått ordnet med skifte av taket og fått huset malt slik at familien kunne nyte godt av det i mange år framover.

Då barna var små hadde Grethe alltid eit kurs ho tok pr. brev. Kursa var om ulike tema knytt til hus og heim, men også økonomistudier på BI..

Grethe var ei veldig oppofrande kone. Kvar dag, før Bjarne kom heim frå jobb, måtte barna ut eller opp så ho kunne få vaske gangen. Så var det av med arbeidsklærne og middagen måtte vere klar då Bjarne kom. Etter middagen var det viktig at det var ro i stua så han kunne få slappe av.

Då Anne Marie var 16 år, og den einaste som budde heime av barna, flytta dei til Conrad Mohrs vei, til ein einebolig med stor hage. Her kunne Grethe drive med hagestell, som var ein av henna store interesse. I Fantoftåsen hadde dei og hatt hage og uteområde rundt rekkehuset. Huset og hagen styrte ho heilt fram til ho flytta på sjukeheimen. Trengte ho hjelp i hus eller hage organiserte hun det selv og fikk arbeidsfolk på plass. Sjølv om hun i en del år hadde både fast og sporadisk hjelp og besøk av familiemedlemmer, var hun svært opptatt av å ikkje belaste familien unødig.

Historie var og ei interesse ho hadde. Spesielt var det den norske kongesagaen skrevet av Snorre Sturlasson ho interesserte seg for.

Gjennom tante Ma hadde Grethe ei veldig god venninne. Ho var Bjarne si søster. Tante Ma hadde ikkje sjølv barn og var ofte heime hos dei.

I 2011 døde Bjarne. Grethe sa han var ein perfekt mann og dei var svært glade i hverandre. Gjennom heile livet hadde ho tatt ansvar, først for si mor og så for sin familie og mann. Bjarne blei 98 år gamal og Grethe passet alltid på at han og dei hadde et godt og stabilt liv.

Heime hos Grethe stod flygelet som moren hadde fått av faren, og som var svært viktig for ho. Ho spelte en del på dette helt til det siste.

Alle høgtider og på 17. mai i alle åra, samla ho familien. Heilt til ganske nylig inviterte ho og ordna, med litt hjelp fra barna. Men stor oppmerksomhet rundt seg sjølv likte ho ikkje.

Grethe fekk 10 barnebarn og 3 oldebarn. Ho var svært stolt og glad i dei alle og dei var veldig glad i henne. Hun så hver enkelt av dem. Trengte ein barnepass kunne ein regne med Grethe. Ho stilte opp for sine barnebarn og gjorde det med glede.

Grethe var veldig tolerang, diplomatisk, lojal, snill og omsorgsfull. Aldri sa ho noko stygt om andre, sjeldan var hun sint og aldri kritiserte hun noen. Men ho hadde meiningar og de var gjerne sterke.

Det viktigaste for Grethe var familien. Den hadde alltid første prioritet. Ho var alltid opptatt av å holde den samla og var sjølv navet i familien. Heilt fram til det siste var ho informasjonskanalen for storfamilien og hadde oversikten over det som skjedde.

Hennes jevnlige kontakt med sin bror Ingvald på Gran Canari var svært viktig for henne og svigerinnen Ellen i Drammen regnet hun som en av sine aller beste venninner. Hun hadde også hele tiden kontakt med Bjarne sin del av familien.

Grethe hadde eit valspråk: vi må alltid gjøre det beste for totaliteten – og totaliteten var familien. Det vil si; ta vare på hverandre. Den gylne regelen; det du vil at andre skal gjøre mot deg, det skal du gjøre mot dei, var ho og opptatt av, samt andre gode leveregler.

For eitt år sidan blei Grethe dårlig og kom på sykehus, for første gang sidan 1961. Men kom heim igjen til huset sitt. I oktober, sist haust, var hun stadig mer trøtt og med et vondt kne var hun helt avhengig av rullestol, da fekk ho korttids plass på Storetveit sykehjem, for utredning. Hun hadde nå lyst å slippe fra alt ansvaret med hus og alt gjøremål i hverdagen. Så gikk det slik at hun ble mer svekket der og fikk plager som måtte dempes med smertelindrende medisiner. Både hun og familien var lettet da hun fikk fast plass på Siljusslåttan Sykehjem 23. desember 2019.

De siste månedene var en slitsom tid for henne, men hun var tapper og nøktern til det siste. Hun likte å bli oppdatert på nyheter, lytte til musikk, og klarte å prate mellom soveøktene. «Trives du her?», ble hun spurt. «Ja, her er det bra, og nå er det ingen som tvinger meg opp av sengen, og jeg må jo trives, vet du», svarte hun. Hun visste kanskje mer enn dem rundt seg, knappe to uker før hun døde stille og rolig mandag 9. mars.

Med sin styrke og mot, trygghet og klokskap var Grethe en person som hele familien så opptil og som vil minnes med stor respekt og glede.